

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 3-2025

Onsdag 5. november 2025 vart det halde møte kl. 10.00-13.45 på Næringsfabrikken i Sykkylven kommune.

Til stades:

Giske kommune: varaordfører Marit G. Alnes
Hareid kommune: ordfører Bernt Brandal
Haram kommune: varaordfører Siv Katrin Ulla Hagala
Herøy kommune: varaordfører Karl-Oskar Sævik
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen
Stranda kommune: ordfører Einar Arve Nordang
Sula kommune: ordfører Turid Humlen (leiar)
Sykkylven kommune: ordfører Olav Harald Ulstein (nestleiar)
Volda kommune: varaordfører Sverre Leivdal
Ørsta kommune: politikar Anne Sølvi Vatne
Ålesund kommune: politikar Anne Berit Støyva Emblem

Forfall:

Fjord kommune: varaordfører Jens Aklestad
Ørsta kommune: ordfører Per-Are Sørheim
Ulstein kommune: ordfører Stian Skorgen Scheide
Vanylven kommune: ordfører Paul Sindre Vedeld
Vestnes kommune: ordfører Randi Bergundhaugen

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)
Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Kommunedirektørar:

Karl Andre Birkhol, Giske kommune
Bente Glomset Vikhagen, Sula kommune
Torbjørn Emblem, Sykkylven kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Sverre Øvreid Steen
Rådgivar Vegard Austnes

Sak 24/25: Velkommen

Ved leiar for representantskapet Turid Humlen

Leiaren for representantskapet ønskte velkomen til møtet.

Olav Harald Ulstein, ordførar i Sykkylven og nestleiar i representantskapet, ønskte velkomen til Sykkylven kommune.

Sak 25/25: Godkjenning av innkalling

Ved leiar for representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Sak 26/25: Godkjenning av sakliste

Ved leiar for representantskapet Turid Humlen

Vedtak: Sakslista vert godkjend.

Dagleg leiar Sverre Øvreli Sten melde ei sak til eventuelt som gjaldt møte med Mørebenken i samband med Nyttårskonferansen 2026.

Sak 27/25: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med møteleiar

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Signering vert gjort digitalt.

Vedtak: Dag Vaagen og Olav Harald Ulstein blir valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Sak 28/25: Orientering om korleis Sykkylven integrerer næringslivet i utviklings- og omstillingsarbeidet Ved ordførar Olav Harald Ulstein og kommunedirektør Torbjørn Emblem i Sykkylven kommune

Sykkylven kommune har eit robust men sårbart næringsliv. Kommunen er kjend for møbelproduksjon. Lokal industri har snudd omdømmet sitt med fokus på teknologi og høg kompetanse. Det er 840 som pendlar ut av kommunen og vel 600 som pendlar inn. [Storfjordsambandet](#) er eit viktig samferdselsprosjekt for Sykkylven kommune.

I Sykkylven kommune er samarbeidet med næringslivet satt i system. Det er næringsfokus i administrasjonen. Kommunestyret vert informert to gongar i året om næringsaktiviteten.

Sykkylven kommune vart i 2024 nominert som årets næringslivskommune i kategorien små kommunar. Sykkylven kommune har status som omstillingskommune i perioden 2021 - 2026, og deltek i eit tettstadprosjekt i fylket.

Omstillingsmidlane har gitt kommunen moglegheiter til å dele ut midlar til prosjekt saman med eigne midlar. Det har vore satsa mykje på kommunesentrum, m.a. er det mogleg å teste konsept i butikklokale som ein del av tettstadprosjektet.

[Sykkylven Næringsutvikling AS](#) (52% kommunalt eigd) er næringsapparatet i kommunen. Her finn ein m.a. SkaparLINKEN Cowork og HoppID-kontoret.

[Sykkylven Industri- og næringslag](#) er veldig aktivt, og eig Sykkylven Næringsutvikling AS saman med kommunen. Dei arbeider med rammevilkår for næringslivet og rekruttering, og arrangerer teknologifestival.

Sykkylven kommune er opptatt av å kjenne til næringslivet sine behov og legge til rette for næringsutvikling. Fleire næringar er i dialog med Sykkylven kommune om etablering, m.a. innan landbasert oppdrett.

[Næringsfabrikken](#) er ein HUB for næringsutvikling i Sykkylven. Kommunen har kontor der, og inviterer eksterne dit, men er ikkje økonomisk involvert. Mot slutten av møtet var det omvisning i Næringsfabrikken. Den held til i lokala til tidlegare Hjellegjerdefabrikken, har eit areal på heile 26800 kvadratmeter og huser 52 bedrifter.

Næringssteamet (etablert i 2022) består av kommunedirektør, ordførar, kommunalsjef samfunn, dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling og programleiar i Omstillingsprogrammet.

Det er aktuelt utviding av nærings samarbeidet med Stranda kommune. Samferdsel og rekruttering er felles utfordringar.

Sykkylven kommune ligg på 25. plass på Kommunebarometeret for 2025.

Vedtak: Orienteringa vert tatt til vitande.

Sak 29/25: Suppleringsval til styret

Ved leiar i valnemnda Einar Arve Nordang

Nordang la fram valnemnda si innstilling.

Styremedlem Monica Molvær er vald inn på Stortinget for perioden 2025-2029, og har fått innvilga fritak som varaordførar i Ålesund kommune ut inneverande valperiode 2023–2027. Ny varaordførar i Ålesund kommune Jessica Gärtner tek over Molvær sin plass i styret i Sunnmøre regionråd.

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordfører i Herøy kommune) går ut av styret, medan Bernt Brandal (ordfører i Hareid kommune) går inn som nytt styremedlem.

Vedtak:

Jessica Gärtner vert valt som nytt styremedlem i staden for Monica Molvær.
Bernt Brandal vert valt som nytt styremedlem i staden for Ann-Kathrin Storøy.

Styret i Sunnmøre regionråd vert etter dette:

Styremedlemmar:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)
Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)
Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)
Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Bernt Brandal (ordfører i Hareid kommune)
Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)
Styremedlem Jessica Gärtner (varaordfører i Ålesund kommune)

Varamedlemmar:

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)
2. vara Jarle Strømmegjerde (varaordfører i Sykkylven kommune)
3. vara Tove Halse Digernes (varaordfører i Ørsta kommune)
4. vara Einar Arne Ekroll (varaordfører i Sande kommune)
5. vara Lisa Mari Breivik Anderson (varaordfører i Ulstein kommune)

Sak 30/25: Endringar i representantskapet

Ved leiar i valnemnda Einar Arve Nordang

Jf. IKS-lova § 6 oppnemner kommunestyra sjølv sin representant i representantskapet. Det går fram av av selskapsavtalen for Sunnmøre regionråd at representantskapet er samansett av ordførarane i deltakarkommunane, med varaordfører som vararepresentant. Dersom ein ordfører er vald til å sitte i styret, skal varaordføraren representere eigarkommunen.

Jf. vedtaket i forrige sak 29/25 går ordfører i Herøy kommune Ann-Kathrin Storøy ut av styret. Etter selskapsavtalen for Sunnmøre regionråd vert ho då Herøy kommune sin representant i representantskapet i Sunnmøre regionråd. Det betyr at varaordfører i Herøy kommune Karl-Oskar Sævik går ut av representantskapet.

Harry Valderhaug er vald inn på Stortinget for perioden 2025-2029, og har fått innvilga fritak som varaordfører i Giske kommune ut inneverande valperiode 2023–2027. Ny varaordfører i Giske kommune Marit G. Alnes vert Giske kommune sin i representant i representantskapet i Sunnmøre regionråd.

Sak 31/25: Arbeidet med Stad skipstunnel

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Stad skipstunnel vart prioritert i Sunnmøre regionråd sitt høyringsvar til Møre og Romsdal fylkeskommune i samband med Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036.

Regjeringa foreslo i forslaget til statsbudsjett for 2026 å stanse arbeidet med Stad skipstunnel. Eit fleirtal på Stortinget har imidlertid bestemt at Kystverket får slutføre forhandlingane med dei som har levert tilbod om å bygge skipstunnelen.

Det er sett ned ei innsatsgruppe som skal arbeide for Stad skipstunnel fram mot ei avgjerd i samband med revidert nasjonalbudsjett. Innsatsgruppa skal arbeide strategisk, samla og målretta for å løfte kunnskapen om prosjektet og sikre finansiering. Gruppa skal jobbe dedikert opp mot Stortinget.

Sunnmøre regionråd deltek i innsatsgruppa saman med Fjordane regionråd, representantar frå kommunar nord og sør for Stad, næringsforeiningane i Ålesund og Sogn og Fjordane, Maritimt Forum og Kystrederiene.

Vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande, og er samde om å støtte arbeidet for å bygge Stad skipstunnel.

Sak 32/25: Helse og sjukehus – kva arbeider regionrådet med?

Ved leiar for representantskapet Turid Humlen og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Leiaren for representantskapet takka styret og administrasjonen for arbeidet med helse og sjukehus. Dagleg leiar orienterte om Sunnmøre regionråd sin aktivitet på saksfeltet.

Sunnmøre regionråd arbeider for betre rammevilkår for Helse Møre og Romsdal HF. Administrasjonen har skrive eit forslag til eit nytt brev til Helse Midt-Norge RHF (HMN), der vi m.a stiller spørsmål ved om HMN si fordeling av dei statlege økonomiske ressursane mellom helseføretaka i regionen er i tråd med den politiske målsettinga om likeverdige tenester uavhengig av bustad.

Administrasjonen har også halde fram arbeidet for å få etablert eit PCI-tilbod ved Ålesund sjukehus.

22. august d.å. vart det gjennomført eit møte mellom ordførarane i deltakarkommunane i Sunnmøre regionråd og Helse Møre og Romsdal HF ved adm. direktør Olav Lødemel og den nye styreleiaren Herlof Nilssen.

10. oktober d.å. var det møte mellom Sunnmøre regionråd og Helse Midt-Norge RHF ved styreleiar Odd Inge Mjøen og adm. direktør Jan Frich. For Sunnmøre regionråd deltok dagleg leiar, leiar for representantskapet, styreleiar og nestleiar i styret.

12. oktober d.å. møter dagleg leiar og styreleiar i Sunnmøre regionråd den politiske leiinga i Helse- og omsorgsdepartementet ved statssekretær Karl Kristian Bekeng.

Det var ulike meiningar i representantskapsmøtet om Sunnmøre regionråd skal engasjere seg i debatten om Helseføretaksmodellen.

Vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande. Saka vert å kome tilbake til på neste representantskapsmøte.

Sak 33/25: Orientering om arbeidet med ny strategi for Sunnmøre regionråd

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Utkast til ny strategi for Sunnmøre regionråd låg ved møteinnkallinga.

Dagleg leiar gjekk gjennom utkastet i representantskapsmøtet.

Deltakarkommunane i Sunnmøre regionråd har høve til å gi innspel på utkastet til strategi før styret kjem med si tilråding til representantskapet. Saka skal handsamast i styret 28. november og i representantskapet 12. desember 2025.

Forslag til vedtak: Orienteringa blir tatt til vitande.

Sak 34/25: Saker til eventuelt

Møte med Mørebenken i samband med Nyttårskonferansen 2026

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Nyttårskonferansen 2026 finn stad 8.-9. januar i Molde. Dagleg leiar minna om at 1. desember d.å. er fristen for å melde inn tema til konferansen.

Uttale til statsbudsjettet om Runde Miljøsentor

Ved styreleiar i Runde Miljøsentor Bernt Brandal

Brandal bad representantskapet stille seg bak ein uttale til statsbudsjettet om Runde Miljøsentor. Han las opp uttalen i møtet. I uttalen ber ein om at miljøsentoret får midlar på statsbudsjettet, slik det hadde i om lag 10 år før 2025.

Vedtak: Representantskapet stiller seg bak uttalen.